



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 18.10.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	8470/10	020	FSK/FEL/VIST/ådh	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFRAT FRÅ MØTE 15.10.10

Desse var til stades: Rebekka I. Dalland, Jostein Gjerstad, Andreas Langeland, Amalie Helland, Elisabeth Ebbesvik, Veronika H. Kjøndal, Matias Helland og Jøran Dalland.

66. Innkalling godkjent

67. Dagsorden godkjent

68. Referat vart ikkje sendt ut etter sist møte

69. Konstituering- Vert utsett til neste møte

70. Statusrapport økonomi: Me har ikkje brukt noko sidan sist gong (?)

a) Veronika har snakka med Lunde Ungdomslag, dei seirer at dei treng namn på vaksne vakter (kontaktpersonar) + at dei nemnde at sist det hadde vore LAN, hadde det vore ein del problem med fleire ubedne gjestar. Difor utset me LAN til seinare. (spørsmål om å flytta det til helga 5-7 november, og då halda det i Vonheim).

Jostein og Andreas tar ansvar for å kjøpa inn alt utstyr + sjekka internett og straum i Vonheim. Dei har funne utstyr dei ønskjer å kjøpa fra MPX, men treng ein konto der då. → Korleis skal me gjere dette? Skal dei oppretta ein konto, eller skal du gjere dette for dei? Me vart enige om at alt utstyret blir kjøpt inn så fort som mogeleg, slik at me har det klart.

b) Det har vore drøfta om me skal ha samlinga 12-13 november, men då er det ein del frå UR som reiser til Drammen + at det er helga etter LANet. Me må dermed utsetja dette. Dato vil me koma nærare innpå seinare (Nb, me må hugsa på at me har tid til å senda ut invitasjonar + +).

c) Hanne har meldt på Amalie, Rebekka og Andreas til konferansen i Drammen. Deltakarne ønskjer meir informasjon (om reisemåte etc).

Hanne har og sendt søknad til Aktiv ungdom om å reisa til Latvia. Dette vil Hanne koma meir tilbake på neste gong ho er til stades. (fortel i ein mail at det er ein svært omfattande søkjeprosess).

d) Hanne har snakka med Marcus Dalland, som er viljug til å stilla som vakt på eit aktivitets-tilbod etter skuletilbod. Marcus veit enno ikkje korleis turnusen hans vert, så dette vil me koma meir innpå seinare når han har fått vita dette. Me treng og fleire friviljuge til dagane Marcus ikkje kan. Evt. berre ha klubben open når Marcus har anledning til å stilla?.

Ymse:

1) Kråkereirot førstkommande onsdag. Amalie kom med eit forslag om å inngå ein avtale med Esso, om at dei let oss låna film til onsdagen, mot at me reklamerer med deira logo på plakatane. Amalie snakkar med Esso.

2) Utvida tilbodet med Kråkereirot: Problem med å skaffa nok vakter (Det står i kontrakten at me har rett til å utvida bruken). Denne saka vil me la liggje litt.

3) Kjøpa nye biljardkøar. Ei har blitt øydelagd. Det kan vere greitt å ha fleire i reserve. Veronika tar ansvar for å sjekke opp i dette.

4) Ungdomslaget ønskte å melda saka med det som vart øydelagd.

5) Argument til bruk i Tysnes si messeavis. Hanne har fått førespurnad frå Ole Skaten, om ho (og ungdomsrådet) kan skriva ein liten artikkel til messeavisa. Ungdomsrådet kom med nokre stikkord på møtet (Hanne har hovudansvaret for dette).

Kva betyr yrkesmessa for Tysnes?

- Viktig for å få augo opp for kva yrke som finst på Tysnes
- Sjå kva som finst i nærleiken av øya (av tilbod me ikkje har her)
- Får snakka med representantar frå andre skular, ikkje berre rådgjevar, (mykje kjekkare å snakka med elevar)
- Får vita kva veg me må gå for å nå de ulike yrkene
- Får folk frå andre stader til å koma hit for å sjå kva yrke Tysnes har å tilby (Stord og Hauge-sund?)

6) Tysnesfest ønskjer at ungdommen skal koma med forslag til artistar til Tysnesfest 2011, og vil gjerne gjera dette gjennom ungdomsrådet. Me diskuterte dette litt, og kom fram til at i ein postkasse i Kråkereirot hadde vore ein god ide.

7) Ønskje om å dela kveldar/utvida slik at det blir litt tid for dei yngste ungdommane, og litt for dei eldste. Diskusjon om korleis me skal gjere dette. Me ønskjer å ta dette opp på neste møte. Problem med utvida kveldar: Vaktene må vera der lenger (uaktuelt). Korleis skal me dela?

Paintball i vinter (treng då lufttank, ikkje CO2). Vil ta dette opp på neste møte. Evt utsetja paintballprosjektet til våren?

Det vart ikkje sett dato for neste møte.

Veronika Hestad Kjøndal
referent